

Referat frå styremøte 2021/9 i Norsk folkemusikklag

Møte på Teams måndag 22. november kl. 19.00–21.00

Til stades: Bjørn Aksdal, Andrea Kasbo Rygh, Tom Willy Rustad, Borghild Hanto og Sveinung Søyland Moen (referent).

Karin Eriksson melde forfall til møtet og Borghild fungerte difor som vara for ho.

Sak 65/21 Korte meldingar

a. Oppfølging av saker frå førre møte:

Sveinung orienterte styret om oppfølging av aktuelle saker frå førre styremøte:

- Nasjonalbiblioteket har no alle skrifter til NFL og manglar berre å få digitalisert dei siste. Når dette er gjort vil dei publiserast med open tilgang på nettsidene til NB og NFL kan då lenka til dei på eigne nettsider. Skrifter til NFL er no sette på ei prioritert liste for digitalisering hos NB.
- Novus er informerte om at styremedlemmane mogleg vil ta kontakt for å få tilsendt skrift til sal på seminar og liknande. Dei er òg informerte om arbeidet med nytt sekretariat og at NFL kjem tilbake til diskusjonen om restopplaget for Mot innan våren 2022.
- Etter beskjeden om at tidlegare styremedlem Maj Vester Larsen sit på eit restopplag av skrift frå laget, har Sveinung òg vore i kontakt med ho. Sveinung vil henta skrifter i nær framtid, og får då samstundes med seg eit par permar med arkivmateriale som Maj hadde liggande. Sveinung vil gå gjennom dette før styremøtet 21. januar 2022, slik at styret då kan ta stilling til kva som skal gjerast med innhaldet i permene.
 - o Bjørn foreslo at sak om overlevering av digitalt materiale til Nasjonalbiblioteket òg vert tatt opp på januarmøtet.
- Møterom på Ringve er reservert til januarmøtet. Styret vart samde om at rommet bør reserverast frå kl. 09.00 til 16.00. Sveinung reserverer bord i kafeen til lunsjen og undersøker om det bør bestillast mat på førehand.

b. Norsk Kulturråd er tildelt rolla som nasjonal koordinator for mangfald i kulturlivet:

Kulturrådet har difor sett i gang ei kartlegging av korleis det vert arbeidd med mangfald i sektoren. Det har kome ei spørjeundersøking på e-post frå Rambøll Management Consulting om saka, og Bjørn vil svara på vegne av laget.

Sak 66/21 Sekretariat – vegen vidare

Etter negativt svar frå Valdresmusea om vidare samarbeid om etablering av sekretariat, må styret vurdere om me skal undersøka andre samarbeidspartnarar eller om styret skal fortsetja å ta desse oppgåvene sjølve. Styret diskuterte moglege alternativ og vil gjera nokre vidare undersøkingar fram mot ein større diskusjon i neste styremøte (ev. januarmøtet i 2022 om me treng noko meir tid).

Sak 67/21 Den økonomiske situasjonen til laget

Kasserar Sveinung informerte styret om at det truleg vert eit større overskot i rekneskapen for 2021, hovudsakleg pga. avlyst seminar og at koronaen har ført til lite

reiseaktivitet for styret. Dette gir ein kraftig reduksjon i utgiftene til laget for 2021. Styret diskuterte aktuelle utgifter ut året, m.a. mogleg kjøp av nytt marknadsføringsmateriell, men så det slik at dette må vurderast grundigare fram mot det fysiske møtet i januar 2022. Styret ønskjer i første omgang å kjøpa inn to «roll-up»-ar og nokre trykte faldarar med informasjon om laget. «Roll-up»-ane må ha god kvalitet slikt at dei trygt kan fraktast til og brukast på seminar og festivalar. Sveinung vil undersøka med aktuelle leverandørar og leggja fram eit forslag i januarmøtet.

Sveinung arbeider elles med budsjett for 2022 og har som mål å kunna presentera eit konkret forslag på januarmøtet. Ettersom den økonomiske situasjonen har endra seg mykje dei siste par åra, vil det truleg vera noko meir arbeid med å få på plass eit endeleg budsjettet dette året.

Sak 68/21 Forholdet mellom NFL og UFFD

I forkant av møtet hadde styret fått ein førespurnad frå Ungt Forskarforum for Folkemusikk og Dans i samband med ei samling dei skal ha på Nasjonalbiblioteket. Førespurnaden utløyste eit behov for klargjering av forholdet mellom NFL og UFFD. Det har så langt vore eit uformelt samarbeid mellom laget og forumet. Styret var samde om at ei eventuell formalisering av samarbeidet med UFFD er ei årsmøtesak. Dersom samarbeidet skal formaliserast, må det setjast opp eit utkast til samarbeidsavtale, som så må behandlast av årsmøtet. Styret meiner at initiativet til ei slik formalisering av samarbeidet bør koma frå UFFD.

Andrea vil informera UFFD om styret si vurdering.

Sak 69/21 Saker til heimesida og Facebooksida

Sveinung informerte om at heimesidene og Facebooksida til laget er oppdatert med tidspunkt for årsmøtet 2022 og kort info om at seminaret først vert hausten 2022, truleg på Fagernes. Han bad samstundes styret følgja ekstra godt med på Facebook og informera fortløpande om saker me bør dela. Styret vart òg samde om å senda ut ein e-post til aktuelle kontaktar om at me gjerne kan dela relevante og aktuelle hendingar på Facebooksida til laget. Styret tenker på aktuelle kontaktar fram mot neste styremøte. Saka om vidareutvikling av heimesida vart utsett til januarmøtet.

Sak 70/21 Eventuelt

Seminaret 2022:

- Fleire av styremedlemmane har gitt førebelse tilbakemeldingar til Valdresmusea sitt utkast til skisse for seminaret 2022. Styret følgjer òg opp søknadsprosessane. Bjørn vil purra samarbeidspartnarar Ole og Knut Aastad Bråten, om det ikkje kjem ei oppdatering i næraste framtid. Heile styret bør få gi tilbakemelding på eventuelle søknadar før dei vert sende.

Neste styremøte:

- Neste styremøte vert på Teams tysdag 7. desember kl. 20.00–21.30.